

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer:

Revisjon av vilkår for Suvdøla-reguleringa i Drangedal og Nissedal kommunar

NVE avgjorde den 31.08.2012 at konsesjonsvilkåra for reguleringa av Suvdølavassdraget skal reviderast.

På bakgrunn av krav frå Kleppsvatn Hytteforening og føringar frå NVE har Drangedal E-verk utarbeida eit revisjonsdokument som beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med.

Revisjonsdokumentet blir no lagt ut til offentleg høyring og NVE inviterer alle som har interesse av saka til å uttale seg. Revisjonsdokumentet og fråsegnene vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på internettsida til NVE www.nve.no/revisjon. Revisjonsdokumentet er óg lagt ut til offentleg ettersyn på kommunehuset i Nissedal og Servicekontoret i Drangedal kommune. Dersom du ønskjer papirutgåve kan du kontakte Jan Gunnar Thors på tlf 35 99 70 81 eller e-post: jan.gunnar@drangedaleverk.no.

Fråsegner sendast NVE via internett www.nve.no/revisjon ved å gå inn på den aktuelle saka, med e-post til nve@nve.no eller med post til NVE - Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Høyringsfristen er **19. mai 2017**.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette skal NVE gi ei innstilling til Olje- og energidepartementet, med forslag til nye konsesjonsvilkår. Fråsegnene er offentlege dokument som vil bli referert i innstillinga. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.